



LINDÅS TOMTESELSKAP AS
Hagellia 4
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/5965 - 14/17929

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
08.08.2014

Gbnr 137/705 løyve til å dele frå parsell til veg.

Eigedom: Gnr.137 bnr.5 Alver
Adresse for eiged.: Isdalstøbakken 1, 5914 Isdalstø
Type tiltak: Deling av grunneigedom
Heimelshavar: Lindås Tomteselskap
Søker: Lindås Tomteselskap

Saka gjeld:

Lindås Tomteselskap søker om å få dele frå om lag 1100m² vegareal i Isdalstøbakken, for å overføre arealet til Lindås kommune. Tiltaket er eit ledd i gjennomføring av reguleringsplan 1263 – 200707. Den frådeltte parsellen er del av omlegging av Isdalbakken i samband med bygging av ny parsell av FV565.

Planstatus/dispensasjonar:

Tiltaket ligg i regulert område, og den frådeltte parsellen er nytta i samsvar med planen. Dispensasjon er ikkje naudsynt.

Tilkomst/vassforsyning/avløp:

Parsellen er del av offentlig veg. Avløp og vassforsyning er ikkje tema i denne saka.

Nabovarsel:

Det ligg ikkje føre nabovarsel i denne saka. Deling og overføring av arealet til kommunen endrar ikkje på tilhøva på staden.

VEDTAK:

Med heimel i pbl §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune løyve til å dele frå 1100m² vegareal frå gnr.137 bnr.705 for å overføre parsellen til gnr.137 bnr.776, og samanføyast med dette bruksnummeret. Løyvet er i samsvar med søknad og kart motteke i kommunen. Arealet er nytta i samsvar med reguleringsplan.

Grunngjeving for vedtaket:



Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, føresegner, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjønn er mindre vel eigna til bygging på grunn av storleik eller form.

Det gjeld frådelling av vegparsell som alt er bygget, for å overføre parsellen til Lindås kommune. Delinga er i samsvar med etablert og godkjendt bruk.

Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg er til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyve til deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i pbl.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyvet til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf.pbl §21-9.

Gebyr:

Etter gebyrregulativet til kommunen, gjeldande for 2014, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Deling av eigedom pbl §20-1, regulert område, andre føremål kr.5000,-

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Areal- og miljøavdelinga i høve til delegert mynde.

Klage:

Partane kan klage til overordna myndeover vedtaket innan tre veker. Jf. §§ 28 flg. I Forvaltningslova. Sjå vedlegg.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

LINDÅS TOMTESELSKAP AS

Hagellia 4

5914

ISDALSTØ